



Første byggjesteget omfattar rehabilitering og innreiing av tre nye bueningar i dette huset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Eit viktig byggjeprojekt i Uskedalen har no kome eit steg vidare. Morten Harsvik (Næringsutleie AS) har søkt om byggjeløyve for Hagesenter-prosjektet etter at alle naboar og gjenbuarar er varsla og det ikkje føreligg nokre protestar frå dei.**

Første byggjesteget omfattar rehabilitering av det noverande utleigebygget på tomta og innreiing av tre nye bueningar i dette. Teigen Bygg har fått byggjeoppdraget.

Det er frå før seks bueningar i bygget og dei nye skal innreist i første etasje der det no er lager.

Harsvik ser ikkje bort frå at dette første steget kan bli ferdig i sommar. Det neste steget er byggjing av åtte nye bueningar oppå den ledige grunnmuren etter veksthuset.

Det bebygde arealet er no 298 kvadratmeter og i første omgang vil det bli auka med 30 kvadratmeter.

Det blir opplyst i søknaden at prosjektet ikkje gjev endra avkøyringsforhold. Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeida og open for ållmenn ferdsel og avkøyringsløyve er gjeve.

Av Ola Matti Mathisen